



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3601-10

## **Klage på avslag - Søknad om tilskot til nærings- og samfunnsutvikling**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:**

Klagen frå Det Kongelige Selskap for Norges Vel vert ikkje teken til følgje.

**Vedlegg:**

- Søknad
- Klage, dagsett 17.07.16

**Andre dokument som ikkje ligg ved:**

- HNK-sak 69/16 (handsaming av søknaden)
- HNK-sak 84/16 (handsaming av klagen)
- Vedlegg til søknaden (romplan, timeplan og powerpoint-presentasjon)
- E-postkorrespondanse mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge i høve søknaden

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen gjev kvart år økonomisk tilskot til nærings- og samfunnsutvikling i fylket. Nærings- og kultursektoren har disponible midlar som skal støtte opp under satsingsområda i budsjettet, m.a. sjømatnæringar, industri og entreprenørskap. Den fullstendige lista er ført opp under utlysinga på fylkeskommunen sine heimesider. Av utlysinga går det fram at midlane er avgrensa, og at ikkje alle prosjekt vil nå opp. Vidare er det lista opp kriterium og krav til søknaden, som at prosjektet kan synleggjere distrikts- og regionalpolitisk verknad, at prosjektet skal ha god kvalitet og gjennomføringsevne og at tilskotet skal ha utløysande effekt for gjennomføring av prosjektet. Utlysingsteksten er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine heimesider:  
<http://www.sfi.no/naerings-og-samfunnsutvikling.341125.nn.html>

Våren 2016 søkte Det Kongelige Selskap for Norges Vel (heretter Norges Vel) om næringsmidlar til å etablere eit nytt Economusee ved Ciderhuset i Balestrand, samt

«styrke infrastrukturen kring utvalde handverksbedrifter med omsyn til kommersiell kompetanse, rekruttering, innovasjon, nettverk og utvikling av fullstendige verdikjeder».

Norges Vel søkte om totalt 350 000 kr i tilskot.

Fylkesdirektøren for næring og kultur vurderte søknaden frå Norges Vel til å vere ein søknad om bedriftsutvikling, og tilrådde at hovudutvalet skulle avslå søknaden. HNK handsama søknaden i møte 21.06.16, sak 69/16, og gjorde slikt vedtak:

*Norges Vel får avslag på søknad om tilskot til etablering av eit Economusee i Balestrand.*

Norges vel klaga på avslaget ved brev av 17.07.16, sjå vedlegg 2. Hovudutvalet handsama klagen som underinstans i møte 27. september, sak 84/16. HNK tok ikkje klagen til følgje, og sende saka over til fylkesutvalet som klagenemnd.

### **2. Norges Vel sin søknad og klage**

#### **2.1 Søknaden**

Norges Vel er Lead Partner for EU-interreg prosjektet «Craft Reach». Prosjektet byggjer på «Craft International», eit samarbeidsprosjekt med regionar i fleire europeiske land. Sidan 2008 er det etablert 10 Economusee i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane, og til saman 32 i den nord-atlantiske samarbeidsregionen. I det nye prosjektet er målsetjinga etablering av ytterlegare 22 Economusee, derav 5 på vestlandet. Norges Vel skriv i søknaden at alle partnarane må skaffe nasjonale og regionale midlar i tillegg til medfinansieringa frå EU.

Eit Economusee er ikkje eit museum i vanleg forstand, men ei levande handelsverksemd der ein i tillegg til produksjon av tradisjonelle og nyskapande handverksprodukt legg til rette for ei reise-opplevning ved at handverkstradisjonane og den historiske samanhengen vert synleggjort og opna opp for besøkande. Verksemda får ein ekstra arena for omsetjing av sine produkt direkte til kjøpar, gjennom utvikling av nye formidlingsverkty og kompetanse. Ifølgje Norges Vel får eit Economusee på denne måten eit meir solid økonomisk grunnlag for vidareføring av handverkskunnskapen. Norges vel skriv vidare at eit Economusee erfaringsmessig får både auka besøk, auka omsetnad og fleire nye arbeidsplassar.

Utviklinga av Ciderhuset vil ifølgje Norges vel føre til auka innovasjon, realisering av potensial for lønsemd og betre konkurranseskraft for både deltarbedrift og relaterte næringar, t.d. reiselivsnæringa elles i Balestrand. Prosjektet vil også bidra til å skape fleire innovative næringsmiljø, gjennom utvikling av ei klynge av Economusee-bedrifter på Vestlandet med Ciderhuset som deltarbedrift.

Prosjektet leverer faglege råd til bedriftene, og ein heilskapleg 6-trinns utstillingsmodell. For meir informasjon om søkjær og prosjektet syner fylkesrådmannen til søknaden.

## **2.2 Klagen**

Av saksframstillinga til HNK går det fram at fylkesdirektøren meiner at fylkeskommunen ikkje kan gje støtte til prosjektet fordi det er tale om ein søknad om bedriftsutvikling. Klagar er ikkje samd i fylkesdirektøren si vurdering, og viser til at eit EU-prosjekt ikkje kan drive med bedriftsutvikling i private verksemder.

Som grunnlag for klagen viser Norges Vel m.a. til at andre fylke har gjeve støtte til andre Economusee, og det vert her m.a. vist til Møre og Romsdal og Hordaland fylkeskommune.

Klagar legg også vekt på at alle investeringar og bedriftsutviklingstiltak knytt til drift og utføring av næringsverksemd, samt ev. ombyggingar og investeringar i bygg for tilrettelegging for besøkande, er bedrifa sitt eige ansvar.

Norges Vel trekkjer også fram at tilskotet skal bli nytta til utvikling av ei rekke nye servicetiltak for Economusea, som t.d. utveksling av ungdom, involvering av lokale kunstnarar, og bruk av eldre fagfolk i verksemndene. Eit Economusee har og som ambisjon å bli til ein bygdeinstitusjon av stor verdi for lokalsamfunna.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkesdirektøren si vurdering er at etablering av eit Economusee er eit positivt tiltak med tanke på næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling. Ciderhuset passar godt til ein slik transformasjon, og fylkesdirektøren vonar at tiltaket kan vere med på å styrke bedrifa si posisjon i reiselivet med både servering og besøkstilbod. Fylkesdirektøren vurderte likevel søknaden til å gjelde støtte til bedrift:

*«Klagen inneheld ikkje nye moment som gjev grunnlag for å endre tilrådinga. Den prosessen som blir sett i verk for å bli eit Economusee er først og fremst eit tiltak som er retta mot ei enkeltbedrift og vil styrke bedrifa si evne til verdiskaping. Effektane av tiltaka vil ha ringverknadar i nærmiljøet og ha positive effektar på lokalsamfunnet. Vidare vil bedrifa bli ein del av eit nettverk, både nasjonalt og internasjonalt. Like fullt er tiltaka som skal verdsettast, både av Norges vel og Ciderhuset sjølv, retta mot ei enkeltbedrift. I retningslinjene for arbeidsdeling i finansiering mellom Innovasjon Norge og fylkeskommunen står det søknader frå bedrifter/prosjekt direkte retta inn mot bedrifter, bransjar eller etablerarar skal handsamast av Innovasjon Norge.»*

Til liks med fylkesdirektøren er fylkesrådmannen si oppfatning at etablering av eit Economusee er med å ta vare på handverk og kulturhistorie. Det er likevel slik at fleire vilkår må vere oppfylte for å få tilskot til nærings- og samfunnsutvikling. For søknadar innan næringsutvikling har HNK i tillegg utarbeida utfyllande reglar:

[http://img4.custompublish.com/getfile.php/2958700.2344.xvpuuxecav/VERKEMIDDELBRUK\\_RETNINGSLINER\\_2015.pdf?return=www.sfj.no](http://img4.custompublish.com/getfile.php/2958700.2344.xvpuuxecav/VERKEMIDDELBRUK_RETNINGSLINER_2015.pdf?return=www.sfj.no)

I retningslinjene er det m.a. presisert kva som «*kan støttast og kva som ikkje skal støttast*»:

*Fylkeskommunen støttar tilretteleggjande tiltak. Med tilretteleggjande tiltak meiner vi tiltak som ofte er i ein førebuande fase, kapitaltilgangen frå private er liten og tiltaka skal nå breitt, i motsetning til bedriftsretta tiltak som rettar seg mot ei bedrift eller ei avgrensa gruppe bedrifter.*  
*[...]*  
*Den bedriftsretta satsinga vert gjort med Innovasjon Norge som operatør, og gjennom kommunale næringsfond.*

Prosjektet er direkte retta mot ei enkelbedrift, Ciderhuset. Det har ikkje tyding at det ikkje er bedrifa sjølv som søker om støtte, det avgjerande er at tiltaket er retta mot bedrifta. Jamvel om Ciderhus-prosjektet kan ha positive verknadar for lokalsamfunnet, skal prosjektet uansett utvikle bedrifta og styrke bedrifta si evne til verdiskaping. Fylkesrådmannen er såleis samd i fylkesdirektøren si vurdering av at det dreiar seg om eit bedriftsretta tiltak som fylkeskommunen ifølgje retningslinjene ikkje kan tildele næringstilskot til. At fylkeskommunen ikkje skal gje slik støtte til bedriftsutvikling følgjer også av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine retningslinjer for midlane.

Som nemnt ovanfor skal den bedriftsretta satsinga skje gjennom Innovasjon Norge. Rolledelinga mellom Innovasjon Norge sine bedriftsretta tiltak og fylkeskommunen sine tilretteleggande tiltak vert også klargjort i eigne retningslinjer for arbeidsdeling i finansieringssaker mellom Innovasjon Norge og fylkeskommunen:

*«Søknader frå bedrifter/prosjekt direkte retta inn mot bedrifter, bransjar eller etablerarar skal håndsamast av Innovasjon Norge. Saker som er i ei gråsona skal drøftast nærmare.»*

<http://img4.custompublish.com/getfile.php/3046431.2344.rbcuaspua/Retningsliner+for+arbeidsdeling+i+finansieringssaker2.pdf?return=www.sfj.no>

På bakgrunn av ovannemnde undersøkte sakshandsamar moglegheitene for om Ciderhuset kunne søkje Innovasjon Norge om tilskot i staden. Sakshandsamar og ein finansieringsrådgjevar frå Innovasjon Norge deltok m.a. på eit telefonmøte med søker. Norges Vel har vist til at andre fylkeskommunar har gjeve støtte til etablering av fleire Economusee, m.a. Hordaland. Ein representant frå Hordaland fylkeskommune deltok difor på telefonmøtet for å seie noko om korleis Hordaland har vurdert søknadar om transformasjon til Economusee. Hordaland fylkeskommune har innvilga tilskot til andre Economusee-prosjekt, men fylkesdirektøren si vurdering at desse prosjekta/søknadane er annleis enn prosjektet som Norges Vel har søkt støtte til. Dialogen med klagar, Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge førte ikkje til at fylkesdirektøren endra vurderinga av at graden av bedriftsutvikling var for stor til å forsvare støtte.

Sjølv om denne søknaden vart rekna som bedriftsretta, er det ikkje slik at fylkeskommunen aldri kan gje støtte til etablering av eit Economusee. Kvart prosjekt/søknad må vurderast opp mot retningslinjene for støtte til næringsutvikling. Fylkeskommunen har tidlegare støtta eit Economusee i Aurland.

Fylkesrådmannen sluttar seg difor til underinstansen sin konklusjon og rår klagenemnda til å halde fast ved underinstansen sitt vedtak.

Dersom klagenemnda tek klagan heilt eller delvis til følgje, må løyvinga takast frå budsjett 2016.

#### **4. Konklusjon**

På bakgrunn av retningslinjene for næringsretta midlar tilrår fylkesrådmannen at klagenemnda ikkje tek klagan til følgje.